



Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Oppmøte Vest Biogass (Raudemel 28) kl. 13.00, Smia (Grodås) kl. 14.00
Dato:	28.04.2026
Tid:	kl. 13.00

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Bjørnar Fylling	Frp	medlem
Heidi Berg-Rusten Grevstad	H	medlem
Sindre Rotevatn	H	medlem
Jørund Stig Knardal	KrF	medlem
Ola Perry Saure	SP	medlem
Sølvi Dimmen	SP	ordfører
Kari Aslaug Hasle	SV	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Margrete Trovåg	Ap	Rebecca Riise Bjerknes	SP
Sverre Leivdal	Ap	Gunnar Strøm	SV

Andre som møtte

Aina Opsvik – leiar interkommunalt barnevern
Cecilie Bjørlykke – avdelingsleiar skule
Heidi Istad – planleggar
Per Ivar Kongsvik – kommunalsjef oppvekst
Regine Solberg Aklestad - planleggar
Rune Sjurgard – kommunedirektør
Siri Solheim – prosjektleiar eigedom
Tor Halvar F. Botnen – kommunalsjef samfunnsutvikling
Sonja Håvik - møtesekretær

Inhabile	Sak	Merknad
Sindre Rotevatn	59/26	Styreleiar i Tussa Kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 69/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/1304
PS 70/26	Godkjenning av protokoll	26/1304
PS 71/26	Orienteringar	26/1304
OS 56/26	Vest Biogass - orientering om anlegget og omvising	26/1304
OS 57/26	Status Hamna 20 fase 3	24/4601
OS 58/26	Markering av 22. juli 2026	26/1207
OS 59/26	Offentleg høyring - Detaljplan for miljø og landskap - Nye Tussa kraftverk - Volda kommune, Møre og Romsdal fylke	26/1092
OS 60/26	Orientering oppstart kommuneplanen sin arealdel og planvask	26/1285
OS 61/26	Tryggleiksalarmar og GPS – status og vidare plan for utskifting ved sløkking av 2G-nettet	19/10189
PS 72/26	Tilstandsrapport barnevern og skule 2025	26/866
PS 73/26	Barnehagetilbod på Folkestad	26/711
PS 74/26	Høyring av læreplan for nytt valfag i norsk teiknspråk	26/1256
PS 75/26	Høyring - Integreringsstønad for nykomne flyktningar	26/1258
PS 76/26	Høyringsinnspel – leselyststrategi for vaksne	26/1282
PS 77/26	Utarbeiding av forskrift om fellingsavgift på hjort - Volda kommune - utsending på høyring	26/1143
PS 78/26	Felles beredskapsråd Volda og Ørsta kommunar	26/802
PS 79/26	Delegerte saker	26/1304

Volda, 29.04.2026

Sølvi Dimmen

ordførar

PS 69/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 70/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 14.04.2026 vart godkjent.

PS 71/26 Orienteringar

OS 56/26 Vest Biogass - orientering om anlegget og omvising

Formannskapet besøkte Vest Biogass og fekk omvising og orientering om verksemda.

OS 57/26 Status Hamna 20 fase 3

Prosjektleiari Siri Birkeland Solheim orienterte. Med unntak frå ei forseinking i prosjektet knytt til lokala til Hamna dagsenter, går prosjektet som planlagt og innanfor budsjetterte rammer.

Formannskapet var samde om å ha ei synfaring til Hamna 20.

OS 58/26 Markering av 22. juli 2026

Ordføraren informerte om at det kan vere aktuelt for kommunen å arbeide vidare med markeringa saman med kyrkja.

OS 59/26 Offentleg høyring - Detaljplan for miljø og landskap - Nye Tussa kraftverk - Volda kommune, Møre og Romsdal fylke

Inhabile	Merknader
Sindre Rotevatn	Styreleiar i Tussa Kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2

Behandling:

Planleggar Heidi Istad orienterte.

Formannskapet drøfta saka og kom med innspel til administrasjonen for vidare arbeid.

OS 60/26 Orientering oppstart kommuneplanen sin arealdel og planvask

Planleggar Regine Solberg Aklestad orienterte.

OS 61/26 Tryggjeiksalarmar og GPS – status og vidare plan for utskifting ved sløkking av 2G-nettet

PS 72/26 Tilstandsrapport barnevern og skule 2025

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 vert teken til vitende.
2. Tilstandsrapporten for grunnskulen 2025 vert teken til vitende.

Behandling:

Kommunalsjef oppvekst, Per Ivar Kongsvik, og leiar for interkommunalt barnevern, Aina Opsvik, orienterte. Avdelingsleiar skule, Cecilie Bjørlykke, svara på spørsmål frå formannskapet.

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (3 stemmer), SV (2 stemmer), H (2 stemmer), FrP (1 stemme), KrF (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 vert teken til vitende.
2. Tilstandsrapporten for grunnskulen 2025 vert teken til vitende.

PS 73/26 Barnehagetilbod på Folkestad

Vedtak:

Avgrensa til barnehageåret 2026/2027 vert lokala til dagsenteret ved Folkestadtun nytta til dei sju eldste barna i barnehagen. Lokala skal nyttast på ein slik måte at det er til minst mogeleg hinder for brukarane av dagsentertilbodet.

Ekstra kostnader som fyl tiltaket vert å dekke innanfor sektor oppvekst si ramme.

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 11-8, 1. ledd.

Behandling:

Kommunalsjef Per Ivar Kongsvik orienterte.

Forslag til vedtak:

Utsettingsforslag frå Bjørnar Fylling (FrP):

*Saka blir utsett for å bli behandla ved eit seinare høve til dømes 12 mai.
vil ha fleire forslag på bordet om td utebarnehage, brakkeløysing.*

Votering:

Utsettingsforslaget fekk ei stemme og fall, 8 stemde mot.

Stemte for parti: FrP (1 stemme)

Stemte mot parti: SP (3 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), KrF (1 stemme)

Tilrådinga frå kommunedirektøren, alternativ 1, fekk 7 stemmer og vart vedtatt, to stemde mot.

Stemte for parti: SP (3 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer)

Stemte mot parti: FrP (1 stemme), KrF (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

Avgrensa til barnehageåret 2026/2027 vert lokala til dagsenteret ved Folkestadtun nytta til dei sju eldste barna i barnehagen. Lokala skal nyttast på ein slik måte at det er til minst mogeleg hinder for brukarane av dagsentertilbodet.

Ekstra kostnader som fyl tiltaket vert å dekke innanfor sektor oppvekst si ramme.

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 11-8, 1. ledd.

Alternativ tilråding:

Avgrensa til barnehageåret 2026/2027 vert lokale ved Folkestad skule teke i bruk for dei sju eldste barna i barnehagen.

Administrasjonen vert bede om å kome attende til inndekning av dei ekstra kostnadene i eiga sak, der innsparingstiltak innanfor sektoren som vart skjerma i budsjetthandsaminga vert vurdert på nytt.

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 11-8, 1. ledd.

PS 74/26 Høyring av læreplan for nytt valfag i norsk teiknspråk

Vedtak:

Volda kommune støttar Utdanningsdirektoratet sitt framlegg om å innføre norsk teiknspråk som eit nytt valfag på ungdomssteget.

Kommunedirektøren får fullmakt til å nytte saksframlegget som kommunen sitt høyringssvar til Utdanningsdirektoratet innan fristen 30. april 2026.

Behandling:

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (3 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), FrP (1 stemme), KrF (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommune støttar Utdanningsdirektoratet sitt framlegg om å innføre norsk teiknspråk som eit nytt valfag på ungdomssteget.

Kommunedirektøren får fullmakt til å nytte saksframlegget som kommunen sitt høyringssvar til Utdanningsdirektoratet innan fristen 30. april 2026.

PS 75/26 Høyring - Integreringsstønad for nykomne flyktningar

Vedtak:

Formannskapet gir kommunedirektøren fullmakt til å sende høyringssvar slik det kjem fram i saksutgreiing.

Behandling:

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (3 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), FrP (1 stemme), KrF (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet girt kommunedirektøren fullmakt til å sende høyringssvar slik det kjem fram i saksutgreiing.

PS 76/26 Høyringsinnspel – leselyststrategi for vaksne

Vedtak:

Volda kommune er positiv til utarbeiding av leselyststrategi for vaksne og meiner ei satsing må styrke både tilgjenge, motivasjon og relevans. Volda bibliotek spelar ei viktig rolle som lågterskel møteplass og formidlar av litteratur i kommunen.

Lesing bør sjåast i samanheng med folkehelse, ved at det kan bidra til betre mental helse, redusert einsemd og auka sosial deltaking. Vidare er lesekompetanse viktig for beredskap, kritisk tenking og evna til å handtere informasjon, særleg i møte med desinformasjon og KI-generert innhald.

1. Kva er dei største utfordringane knytt til vaksne si leselyst i dag? Kva er årsaka til at nokon les mykje, medan andre les lite eller ingenting?

Tidsklemma i kvardagen gjer at mange prioriterer bort lesing. Auka skjermbruk har redusert evna til konsentrasjon og lesing av lengre tekstar. For mange handlar det også om identitet – ein ser ikkje på seg sjølv som ein lesar. I tillegg er det låg kjennskap til bibliotektilbod og korleis desse kan nyttast. Denne kjennskapen må styrkast slik at terskelen vert bygd ned før innbyggjarar vert vaksne. Biblioteka har utfordringar med å nå ut til nye brukargrupper, og lesing kan for somme framstå som elitistisk og lite tilgjengeleg.

2. Kva motiverer til lesing? Eksempel på leselysttiltak som fungerer godt

Engasjerande formidling, utstillingar og synleggjering av litteratur skapar nysgjerrigheit. Kampanjar og konkurransar, som til dømes bokbingo eller liknande tiltak inspirert av Sommarles, kan auke deltaking. Sosiale leseaktivitetar som lesesirklar, shared reading og stille lesekveldar senkar terskelen. Lesing fungerer også som ein fristad og ei kjelde til ro i ein travel kvardag.

3. Kva bør vere dei viktigaste tiltaka i ein nasjonal leselyststrategi for vaksne?

Det er behov for styrking av folkebiblioteka, både økonomisk og fagleg. Biblioteka treng ressursar til utvikling, formidling og innkjøp av aktuell litteratur. Det bør leggjast til rette for meir prosjektmidlar med lågare krav til eigenfinansiering, slik at små bibliotek kan delta. Digitale tilbod som Biblio, Tibi og nettbibliotek bør vidareutviklast. Det er også viktig å styrke innkjøpsordningar, fleirspråklege tilbod og fjernlånsordningar.

Behandling:

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (3 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), FrP (1 stemme), KrF (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommune er positiv til utarbeiding av leselyststrategi for vaksne og meiner ei satsing må styrke både tilgjenge, motivasjon og relevans. Volda bibliotek spelar ei viktig rolle som lågterskel møteplass og formidlar av litteratur i kommunen.

Lesing bør sjåast i samanheng med folkehelse, ved at det kan bidra til betre mental helse, redusert einsemd og auka sosial deltaking. Vidare er lesekompetanse viktig for beredskap, kritisk tenking og evna til å handtere informasjon, særleg i møte med desinformasjon og KI-generert innhald.

1. Kva er dei største utfordringane knytt til vaksne si leselyst i dag? Kva er årsaka til at nokon les mykje, medan andre les lite eller ingenting?

Tidsklemma i kvardagen gjer at mange prioriterer bort lesing. Auka skjermbruk har redusert evna til konsentrasjon og lesing av lengre tekstar. For mange handlar det også om identitet – ein ser ikkje på seg sjølv som ein lesar. I tillegg er det låg kjennskap til bibliotektilbod og korleis desse kan nyttast. Denne kjennskapen må styrkast slik at terskelen vert bygd ned før innbyggjarar vert vaksne. Biblioteka har utfordringar med å nå ut til nye brukargrupper, og lesing kan for somme framstå som elitistisk og lite tilgjengeleg.

2. Kva motiverer til lesing? Eksempel på leselysttiltak som fungerer godt

Engasjerande formidling, utstillingar og synleggjering av litteratur skapar nysgjerrigheit. Kampanjar og konkurransar, som til dømes bokbingo eller liknande tiltak inspirert av Sommarles, kan auke deltaking. Sosiale leseaktivitetar som lesesirklar, shared reading og stille lesekveldar senkar terskelen. Lesing fungerer også som ein fristad og ei kjelde til ro i ein travel kvardag.

3. Kva bør vere dei viktigaste tiltaka i ein nasjonal leselyststrategi for vaksne?

Det er behov for styrking av folkebiblioteka, både økonomisk og fagleg. Biblioteka treng ressursar til utvikling, formidling og innkjøp av aktuell litteratur. Det bør leggjast til rette for meir prosjektmidlar med lågare krav til eigenfinansiering, slik at små bibliotek kan delta. Digitale tilbod som Biblio, Tibi og nettbibliotek bør vidareutviklast. Det er også viktig å styrke innkjøpsordningar, fleirspråklege tilbod og fjernlånsordningar.

PS 77/26 Utarbeiding av forskrift om fellingsavgift på hjort - Volda kommune - utsending på høyring

Vedtak:

Volda formannskap vedtek å sende forslag til "Forskrift om fellingsavgift for hjort, Volda kommune, Møre og Romsdal" ut på offentlig høyring, med minimum 4 veker høyringsfrist. Det vert føreslått fellingsavgift på kr 200 for kalv og kr 350 for vaksne dyr.

Behandling:

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (3 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), FrP (1 stemme), KrF (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda formannskap vedtek å sende forslag til "Forskrift om fellingsavgift for hjort, Volda kommune, Møre og Romsdal" ut på offentlig høyring, med minimum 4 veker høyringsfrist. Det vert føreslått fellingsavgift på kr 200 for kalv og kr 350 for vaksne dyr.

PS 78/26 Felles beredskapsråd Volda og Ørsta kommunar

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek at Volda og Ørsta skal ha felles beredskapsråd, for å betre samordning av ressursar, og gi eit betre grunnlag for handtering av store hendingar på tvers av kommunegrensa.

Samansettinga av beredskapsrådet krev likelydande vedtak i Volda og Ørsta kommunar.

Kommunestyret vedtek slik samansetting av felles beredskapsråd:

Kommunane

- Ordførarane
- Kommunedirektørane
- Beredskapskoordinatorar
- Brannsjefar
- Kommuneoverlegar
- Interkommunal legevakt (felles)
- Kommunikasjonsansvarlege
- Landbruk (felles)
- NAV (felles)

Statlege aktørar

- Politiet (felles)
- Statsforvaltaren (felles)
- Sivilforsvaret (felles)
- Heimevernet (felles)
- Helse Møre og Romsdal HF (felles)
- Høgskulen/samskipnaden

Infrastruktur og næringsliv

- Kraftselskap/Linja (felles)
- SSIKT (felles)
- Statens vegvesen (felles)
- Møre og Romsdal fylkeskommune som vegmynde (felles)
- Avinor (felles)
- Volda næringsforum
- Ørsta næringskontor

Frivillige organisasjonar

- Røde Kors (Volda og Ørsta)
- Representant frå sanitetslag
- Kyrkja (Volda og Ørsta)

Behandling:

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (3 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), FrP (1 stemme), KrF (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek at Volda og Ørsta skal ha felles beredskapsråd, for å betre samordning av ressursar, og gi eit betre grunnlag for handtering av store hendingar på tvers av kommunegrensa.

Samansettinga av beredskapsrådet krev likelydande vedtak i Volda og Ørsta kommunar.

Kommunestyret vedtek slik samansetting av felles beredskapsråd:

Kommunane

- Ordførarane
- Kommunedirektørane
- Beredskapskoordinatorar
- Brannsjefar
- Kommuneoverlegar
- Interkommunal legevakt (felles)
- Kommunikasjonsansvarlege
- Landbruk (felles)
- NAV (felles)

Statlege aktørar

- Politiet (felles)
- Statsforvaltaren (felles)
- Sivilforsvaret (felles)
- Heimevernet (felles)
- Helse Møre og Romsdal HF (felles)
- Høgskulen/samskipnaden

Infrastruktur og næringsliv

- Kraftselskap/Linja (felles)

- SSIKT (felles)
- Statens vegvesen (felles)
- Møre og Romsdal fylkeskommune som vegmynde (felles)
- Avinor (felles)
- Volda næringsforum
- Ørsta næringskontor

Frivillige organisasjonar

- Røde Kors (Volda og Ørsta)
- Representant frå sanitetslag
- Kyrkja (Volda og Ørsta)

PS 79/26 Delegerte saker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
09/26	Endra vedtaksbrev - Skjenkeløyve 15.-19. april 2026 X2 Festivalen - Propellhallen